

Formannskapet 17. mars 2021 – spørsmål og svar

Trude Risnes (V):

- 1. Adm orienterte i haust om noko manglande kapasitet på økonomiområdet. Er det no gjort tilsettingar som ivaretek behova? Kan det kort informerast om korleis vi no er ivaretekne på området?*

Svar:

Daniel Fluge er konstituert som økonomisjef. Det er framleis vakansar innanfor området, men stillingar vil bli lyste ut snarleg.

Henny-Kristin Asperanden Navarsete (Ap):

- 1. I desse tider er det mest umogleg for ungdom frå 15 til 18 år å få sommarjobb. Ein del familiar er hardt råka frå før med permitteringar.*

Det er mange i kommunen vår som gjerne har ein liten jobb dei ynskjer å få utført, og som samstundes har ein muligheit til å bidra. Plenklypp, maling av stakittgjerde, vask av platting eller andre småjobbar som kan vera fine for ungdom å utføra.

Kan det vera aktuelt å laga ein «ungjobb» der folk kan få selje sine oppdrag til kommunen/ sogn næring og ungdomar som søker kan få småjobbar i sommar? Me vil tru at besteforeldre og andre kan vera interesserte i å betale inn for at kommunen lønnar ungdommane. Dette må sjølvsagt finna ei form som er i tråd med lover og reglar.

Svar:

Det er etablert eit prosjekt for å kunne tilby sommarjobb til flest mogleg gjennom bruk av ein digital delingsplattform. Målet er å ha løysinga klar til sommaren, og å nytte ungdom til å administrere og drifte plattformen. Prosjektet vil bli presentert til formannskapet til neste ordinære møte.

Svein Jarle Slinde (Sp):

1. Snøscooter:

Det er stort engasjement rundt snøscooter for tida, og det vil vera eit viktig tema i arbeidet vårt med arealden til kommuneplanen. Me må vera godt førebudde til dette, slik at me kan treffa gode avgjersler. Eg håpar at ordførar og representantar frå administrasjonen, kan besøke eller ha møter med kommunar og/eller snøscooterklubbar frå områder dei har fått snøscooterbruk inn i ordna former. Voss og Aurland kommunar er døme på slike stadar.

Svar:

Innspelet vert teke med i arbeidet med ny arealplan og vidare oppfølging av problemstillingane knytt til bruk av snøscooter. Administrasjonen ynskjer å bidra til å finne løysingar som kjem dei ulike omsyna i møte.

2. Brannstasjon på Hanahaug

Høyringsfrist for Detaljreguleringsplan for Hanahaug brannstasjon gjekk ut den 15. mars, og eg lurar på kva grunnlaget for å leggja brannstasjon på Hanahaug er.

Er dette einaste plassen som er vurdert, eller er det og andre stadar som framleis er aktuelle?

Svar:

Bakgrunn for saka om oppgradering av brannstasjon på Leikanger er krav frå Arbeidstilsynet om utbetra fasilitetar for brannmannskap. Saka vart ikkje landa av Leikanger kommune og er følgt opp av Sogndal kommune. Kommunen har i dette arbeidet hatt hengande over oss varsel om tvangsmulkt frå Arbeidstilsynet, og har søkt løysingar som let seg gjennomføre innan rimeleg tid.

Avklaring saman med Sogn Brann og redning AS

Kommunen har hatt prosessar saman med Sogn Brann og Redning IKS (SBR) for å finne ei løysing i saka. Det har vore vurdert å halde fram i leigde lokale der vi er i dag/areal knytt til dette samt på område kommunen er eigar av og der reguleringsmessige forhold er enkle; Kvålen og Hanahaug.

Alternativet å **utvide dagens stasjon** er ikkje aktuelt da eigaren av bygget har inngått avtale med andre leigetakarar som bind opp det aktuelt utvidingsareal i anna aktivitet.

Alternativet på **Kvålen (Dalsvegen)** vart og vurdert som plassering frå kommunen si side, men plasseringa er ikkje innfor krav om innsatstid etter vurderingar frå Sogn Brann og Redning IKS.

For alternativet på **Hanahaug** stadfesta Sogn Brann og Redning IKS stadfesta i november 2020 at plasseringa vil ligge innfor krav til innsatstid. Det er berre Ohnstadhaugen, omsorgssenteret som er kritisk objekt og som da er førande for innsatstid. Det er SBR som tek stilling til dette, ikkje Sogndal kommune. Utdrag frå Olaf Mørch sin vurdering av plassering på Hanahaug.

«I tillegg til administrasjonen i SBR involverte vi også utrykkingsleiarane ved Leikanger stasjon i diskusjonen. Utrykningslederne ved stasjonen

gav uttrykk for at de ønsket at en ny og framtidig stasjon på nabotomten til dagens stasjon i Øyane. Om ikke det var mulig så anså de Hanahaug som et mulig alternativ 2.

Ledelsen i SBR tar til etterretning deres synspunkter, men er av den klare oppfatning at et plassering av ny brannstasjon på Hanahaug vil ligge innenfor de som krav til innsatstid som er fastsatt i lovverket.

Konklusjon:

Ledelsen ved SBR IKS gir med dette tilkjenne at vi ser positivt på at Hanahaug utredes som en alternativ løsning til bygging av ny brannstasjon på Leikanger.»

Hanahaug – føresett lokalisering i kommuneplanen, arealdelen

Leikanger kommune har i sin kommuneplan arealdel avklart at eventuell ny brannstasjon skal være på Hanahaug (sist vedteke 25.04.2019) s. 17:

4.2.10. Kombinert byggje- og anleggsformål

Det er sett av areal for brannstasjon på kaiområdet Hanahaug, føremålet er kombinert byggje- og anleggsføremål. Føremålet skal dekke dagens bruk (venterom, lager, busshaldeplass mm) og brannstasjon.»

Konklusjon som er gjort

Plasseringa på Hanahaug var gjort etter ein prosess saman med Sogn Brann og Redning IKS og er tufta på Leikanger kommune sin arealplan. Tomta er isolert sett godt eigna og har også gode trafikktilhøve. Det er difor vurdert at dette er ei akseptabel og forsvarleg løysing med brannstasjon på Hanahaug sjølv om det kan vere fordelar med annan lokalisering på Hermannsverk.

Status i arbeidet

Sogndal kommune er no godt i gang med planlegging av ny stasjon. Reguleringsplan er igangsett og detaljprosjektering av løysing og grunnundersøkingar er i gang. Sogndal kommune er ein profesjonell byggherre og vil prosjektere og planlegge ny brannstasjon innanfor gjeldande lover og forskrifter. Prosjekteringa er som nemnt kome godt i gang slik at vi er klar til utlysing av tilbod så snart dei formelle planmessigesidene er klargjorte. Dette gjer at kommunen kan realisere ny stasjon innfor gjeldande krav i løpet av 2022 - innfor fristar som no vert akseptert av Arbeidstilsynet slik at vi unngår dagbøter.

Vi registrerer at det no er kome innspel på annan lokalisering, mellom lokale brannmannskap i brev 05.03.21 som argumenterer for at brannstasjonen bør vere på Hermannsverk.

Vi ser at det her er relevante argument, og vil vurdere desse innspela i samarbeid med Sogn Brann og Redning - parallelt med den planlegginga som skjer på Hanahaug. Det er viktig å understreke at vurderingane her må gjerast ut i frå at det ikkje er areal avsett i kommuneplan eller reguleringsplan til brannstasjon, at kommunen sjølv ikkje eig eller har tilgang til areal, og at kommunen har krav frå Arbeidstilsynet om utbetring av tilhøva for mannska.

Ei eventuell avgjerd om ny lokalisering vil gjere at det vil ta lengre tid før ny stasjon kan bli realisert, samt at kostnadene med investeringa truleg vil bli større. Ei endring vil heller ikkje vere i samsvar med Leikanger kommunestyre si sitt vedtak i kommuneplanen om lokalisering av ny brannstasjon. Dette gjer samla til at ev. ny lokalisering må handsamast som politisk sak, der administrasjonen får eit klårt mandat for gjennomføring av prosjektet.